

Osterøy museum
Stiftinga Havráunet
5282 Lonevåg
telefon 56 19 34 40
faks 56 19 34 41
e-post: ostermus@online.no

Gjerstad 27.06.02

Til Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
003 Oslo

NOU 2002:1 FORTID FORMAR FRAMTID – HØYRING

Kulturminneutgreiinga er eit viktig dokument i rett tid. Våre kommentarar knyter seg til desse punkta:

Delt kulturminneansvar Den statlege organiseringa av kulturminneforvaltinga kan virka vanskeleg og problematisk. Det hadde vore sterkt ønskeleg at samarbeidet vart styrka sentralt, det ville forenkla tilveret for mindre muse og kulturinstitusjonar.

Kulturminneansvar er knytt til makt og mynde, men også til pengar. Slik sett saknar me ein fjerde aktør i stat og fylke: Landbruksdepartementet/Fylkesmannen. Rett nok sit ikkje dei med noko formelt ansvar, men med relativt romslege tilskot legg dei premissar for kva det skal satsast på, både i bygnings- og landskapsvernet. Vektlegging og prioritering ymsar frå fylke til fylke, sjølv om det dei fleste stader er samarbeidsnemnder.

Freding av kulturmiljø (kap. 3)

Freding av kulturmiljø vert sett på – med full rette – som noko vanskeleg. Røynslene ein har frå fredinga av Havrá var på sett og vis venta – både når det gjeld kostnad (slik Oddbjørn Sørmoen peika på i 1993) og praktisk gjennomføring og iverksetjing. I framtidige kulturmiljøfredingar bør det liggja til grunn sterkare krav om å definera sjølvve verneobjektet, slik at ein fangar opp også dei sidene ved det som ikkje berre er reint arkitektoniske.

Samstundes med fredingsarbeidet på Havrá, vart utarbeidd ein plan for drift og istandsetjing av garden. Tilbakemeldingane frå forskar- og undervisingsmiljø og frå offentleg forvalting på alle nivå, viser til fulle at førestillingar om kva kulturmiljøfreding kunne innebera var like mange som svara ein fekk.

Så lenge eit kulturmiljø omfatta natur, bør kulturminnevernet ha ei meining om t. d. attgroing eller ikkje, også innanfor dei generelle rammene for fredinga. Konflikstar er ei belastning. Konfliktnivå vert ikkje mindre ved å leggja det lengre nedover i systemet i slike saker. Me trur konfliktnivået på Havrá hadde vorte mindre ved klårare målformuleringar og betre førebuing. Ei evaluering av heile fredingsprosessen på Havrá vil gje nyttig lærdom i seinare saker.

Musea, kulturminneforvaltinga, kunnskap, forskning og kunnskapsspreiing

Musea er vigg ein rettmessig stor plass i denne utgreiinga. Mykje kviler naturleg nok på den framtidige organiseringa av museumsstellet, og om denne prosessen vert følgd opp av løyvingar, både når det gjeld formidling og haldningsskapande verksemd og vøling av verneverdige bygg.

Musea er stader der kulturarv i ulike ovringar vert teke vare på etter beste evne. Sett frå institusjonssida vert det delte ansvaret – kulturminne eller ikkje? – alltid like merkeleg. Det er heilt opplagt at hus på museum både er eit problem og ei utfordring, men det gjeld også ein del andre felt.

Som kunnskapsbase og utviklings- og formidlingsinstitusjonar ser ein styrken i at enkelte felt vert drege fram og sett i fokus. Det gjeld særleg den handlingsborne kunnskapen. Det var svært ønskjeleg om andre delar av kulturarven enn hus og båtar vert nærare omtala. Rett nok er husflidsorganisasjonane ein stò arvtakar for mange av eldre handverksteknikkar, men det er på langt nær nok. Med den usikre posisjonen handarbeid har i skulen i dag, vil det verta nødvendig med sterkare satsing – på til dømes meir tradisjonelle kvinnesyslar som tekstilarbeid.

Det er takka vera Norsk handverksutvikling at ein er komen så langt på dette feltet som ein er i dag. Det er likevel på tide at kulturminnevernet også tek kunnskaps- og tradisjonsformidling innan kulturlandskap for seg. Feltet er enno fersk og prega av at det er ulike fagtradisjonar på banen. Det utelukkar ikkje at ein også her må tenkja utdanning på fleire nivå (t.d. jordbruksskular) og skapa arena for tverrfagleg utviklingsarbeid. Ein er kome eit godt stykke på veg i så måte i etterkant av forskingsprosjektet Den tradisjonelle vestlandsgarden som kulturbiologisk system.

Stiftinga Havråtunet har kunnskap om tradisjonelt jordbruksdrift og ivaretaking av stadbunden kunnskap som sjølvpålagd og høgt prioritert oppgåve. Denne oppgåva hadde gått monaleg betre dersom ein kunne rekruttera ungdom med ein minimum av kunnskap.

Venleg helsing

Randi Andersen
Museumsstyrar/konservator

Kopi: NMU
Hordaland fylkeskommune